


LINDÅS KOMMUNE

 TEKNISK SJEF
 5100 ISDALSTØ

 TELEFON (05) 35 05 55
 TELEFAX (05) 35 28 00

EVA ANN LILLESKARE, LILLEHATTEN 116, 5000 BERGEN

MICHAEL KNUTSEN, ØYJORDSV.107, 5005 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato: 26.01.93

LJH/93/95/058/093/01

**SAK 11 /93 KNUTSEN MICHAEL OG LILLESKARE EVA ANN -GNR.058 BNR.113
 /118 SØKNAD FRÅ TO HYTTEEIGARAR OM Å FÅ KNYTA SEG TIL
 EKS.FELLES KLOAKKLEIDNING I BUSKENESSET HYTTEOMRÅDE**

Saka er handsama av bygningsssjefen etter fullmakt frå bygningsrådet.

Dokument.

Søknad om utsleppsløyve motteke 21.10.92 frå Eva Ann Lilleskare og Michael Knutsen.

utsnitt av reguleringsplan 1:2000

kartutsnitt 1:5000

planføresegner

Godkjent tilknytning frå eigarane v/ Bjørn Tefre av den felles kloakkleidningen datert 14.- og 19.10.92

Ingen merknader frå medisinsk-fagleg ansvarleg lege i skriv datert 13.01.93

Vedtak gjort av bygningsssjefen den 15.04.92 i sak 83/92

Saksutgreiing.

Søknaden gjeld innlegging av vassklosett i eksisterende hytte på eigedom gnr.58, bnr.118 og søknad frå eigar av eigedom (ubebygd) gnr. 58, bnr. 113 om å knyta seg til eksisterande felles kloakkleidning ført til 10 m under fjæra sjø. Utsleppet er tidlegare godkjent for 4 hytter i bygningsssjef sak 83/92. Etter reguleringsføresegnene kan kloakkutslepp forast på djupt vatn forgrupper av hytter, slik som i dette høvet.

Medisinsk-fagleg ansvarleg lege har ikkje merknader til til det utvida utsleppet.

Vedtak.

 I medhald av Plan-og bygningslova § 66.2 og i Forskrift om utslepp frå separate avlaupsanlegg vert det gjeve løyve til avlaup frå to hytteeigedomar gjennom kvar sin min. 2,0 m³ 2 -kamra slamavskiljar av godkjent type, før utslepp gjennom ein felles min. 4" tett leidning med min. 0,4 m overdekning, direkte til sjø på min. 10 m djupne, jfr. vedlagt utsleppsformular med anvisningsblad. Leidningen skal forskriftsmessig forankrast med lodd, slik at den m.a. ikkje er til skade for fiskereidskaper.

Slamavskiljaren skal plasserast slik at den kan tømmast av slamsugarbil.

Eigar av utsleppsløyvet er ansvarleg for evt. forureining, jfr. § 7 i Forureiningslova.

Tomta skal knytast til offentleg eller anna felles vass-og kloakksystem og evt. overvassleidning dersom dette vert lagt over eller i området. Bygningsssjefen gjer merksam på at det kan verta kravd del av refusjon for anleggsutgifter til

Leidningar for vatn og kloakk. Storleiken på beløpet skal fastsetjast av kommunen. (PBL § 66.2)

Arbeidet med utsleppet må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gitt, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet blir innstilt i meir enn 2 år.


Anlegget skal vera ferdig opparbidd og skal vera godkjent av teknisk etat, før det blir tatt i bruk.

Det skal sendast inn søknad om ansvarsrett for det private felles kloakkanlegget (PBL § 98).


for bygningssjefen


Lars Johan Haukås
forvaltningssjef

UTSKRIFT SENDT: Bjørn Tefre M/ fleire, Klostergaten 30, 5005 Bergen
Fylkesmannen v/ miljøvernavdelinga



Y-50900




LINDAS KOMMUNE AREAL OG MILJØAVDELINGA	
Arkivkode: 058/118	
07 MAR. 2004	
Ark. saksnr. 03/1250	Lepefnr. 4097/04
Saksh. F.70	Grad.

Tilkobling

Slam
utskille

LINDAS KARTVERK FKB-C
 Grensene er ikkje rettsgyldige
 Målestokk 1:1000
 Dato: 21/2/2004





LINDÅS KOMMUNE

TEKNISK SJEF
5100 ISDALSTØ

TELEFON (05) 35 05 55
TELEFAX (05) 35 28 00

058-113-

118

28.01.1993

MICHAEL KNUTSEN
ØYJORDSVEI 107
5005 BERGEN

MELDING I FORVALTNINGSSAK

I samsvar med § 27 i forvaltningslova vert det med dette meldt at det den 26.01.93 I SAK 11-93 av bygningssjefen i Lindås, 5100 ISDALSTØ er gjort vedtak som vedlegget syner.

Vedtaket kan påklagast til bygningsrådet, jfr. § 14.3 i plan- og bygningslova.

Klagefristen er 3 - veker frå den dagen brevet kom fram til mottakaren. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast til Lindås bygningsråd, 5100 ISDALSTØ. Han skal vera underskriven, nemna det vedtaket som det vert klaga på, gjeva opp dei endringar som er ønskelege og dei grunnar De vil føra for klagen.

Dersom De klagar så seint at det kan vera uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk gjeva opp når denne meldinga kom fram. Om løyve til å få klagefristen forlengja, og om løyve til å påklaga vedtaket sjølv om klagefristen er ute m.m., gjeld elles føresegnene i § 29 - 32 i forvaltningslova. Om oppsetjande verknad av klage gjeld § 34 i forvaltningslova. Har De ikkje høve til å gjera Dykk kjend med desse føresegnene, eller De treng rettleiing om kva De skal eller kan gjera, kan De venda Dykk hit.

For bygningssjefen i Lindås

Angående utsleppsløyve for Gnr. 058 - Bnr. 093 - 098 - 099 og
10 i Buskeneset Hytteområde og tilkobling for nye hytte-eiere.


Ovenfor nevnte hytte-eiere gir herved Eva Ann Lilleskaret,
Gnr. 58 - Bnr. 113, parsell 25, rett til tilkobling på felles
eksisterende avløp.

Eva Ann Lilleskaret har herved betalt kr. 3.860,- som er lik
part som eksisterende hytter har betalt i anlegget.

Tilsagnet gjelder fra den tid Lindås Kommune bestemmer.

Bergen, 14.10.92.

for Fellesskapet


.....
Bjørn Tefre